



**Hordaland Fylkeskommune - Samferdselsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN**

Vår ref. 13/995- 6
Jp.id. 15/11687

Saksh. Kent Geirmund Dagsland Håkull
Tlf. 53671516

Arkiv
N - 101

Dato
23.11.2015

Uttale frå Ullensvang herad - høyringsframlegg av planprogram for Regional Transportplan Hordaland 2018-2029

Særs relevant for Ullensvang herad er plantema 5.1 *Fylkesvegnettet* og 5.2 *Kollektivtransport utanom Bergensområdet*. Deltema som blant anna vedlikehald, standardkrav, tunellar, bruer og ferjekaiar, sykkel og gange, ferjesamband, trafikkisikring og skredsikring er skildra med utfordringar og utgreiingsbehov.

Hardangerrådet iks gav uttale i sak 33/13 den 17.09.2015. Det vil vera positivt for Ullensvang herad om Hardangerrådet iks deltar i styringsgruppa for den vidare planprosessen og gjennomføring av planen.

Eit tema som kunne vorde drøfta er framtidig behov for å gjere transporttilpassingar til ein venta ny kommunestruktur. Ei eventuell sentralisering i form av ny kommunestruktur vil auka behovet for vegutbetringar som knyt saman rurale bustadområde, kommunesenter og regionsenter. Ein konsekvens av auka sentralisering utan strategiske vegutbetringar kan eventuelt føra til auka fråflytting frå distrikta inn mot regionsentra. For Ullensvang herad sin del gjeld dette kanskje særleg Rv. 13, som fell under Nasjonal transportplan – ikkje Regional transportplan, men mange av bustadområda i heradet er knytt til fylkesvegane.

Som del av politisk handsaming vart det ført til konkrete innspel på fleire punkt i planframlegget. Diverre er ikkje møteprotokollen etter heradsstyremøtet den 2. november ferdig, men vedtaket er som følgjer:

VEDTAK_HST_02.11.2015:

Ullensvang herad støttar opp om planprogrammet slik presentert i høyringsframlegget. Det vil vera positivt for Ullensvang herad om Hardangerrådet iks deltar i styringsgruppa for den vidare planprosessen og gjennomføring av planen.

Ullensvang herad har fylgjande innspel til planprogram for regional transportplan.

Pkt 5.1.2 Endringar i ferjetilbud påverkar reisemoglegheiter, men kan og ha konsekvensar som går ut over det. UH meiner at det er trong for å sjå på dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av endringar i ferjetilbud.

Pkt 5.2.1 For å gje eit samla betre rutetilbod i distrikt som ikkje ligg langs stamlinjer bør moglegeleg samkøyring av taxi, skuletransport, sjuke-transport og ordinær kollektivtransport utgreiast.

Pkt 5.2.2 Det er trong for gjennomgang av terminalstruktur og kvalitet på denne også i distrikt der terminalen betjener fleire typar transport og der ein kan forvente ventetid.

Pkt 5.3 Talet el-bilar aukar og det bør kartleggjast trong for lade plassar for el-bil på parkeringsplasser knytt til terminalar nær Bergen.

Pkt 5.5 Det bør konkretiserast kva ferjeavløysing er, er til dømes Jondalstunnelen ferjeavløysing for Utne-Kvandal og er til dømes Hardangerbrua ferjeavløysing for Kinsarvik-Utne-Kvandal?"

Med helsing
Ullensvang herad

Kent Geirmund Dagsland Håkull
Planleggjar

Kopi til arkiv og kopibok